



Notat

Dato: 11.02.2015
Arkivsak: 2014/193-14
Saksbehandlar: fromann

Til: Hovudarbeidsmiljøutvalet

Frå: Sentralt AKAN-utval

Årsmelding 2014 frå sentralt AKAN-utval

Det sentrale AKAN-utvalet har i 2014 bestått av:

Bård Sandal	leiar/arbeidsgivarrepresentant
Helene Systad	arbeidsgivarrepresentant
Rune Stadsnes	tillitsvaldrepresentant
Mariann G. Leganger	tillitsvaldrepresentant
Jorunn Bakke Johannessen	fylkeshovudverneombod
Gro Altenau	bedriftslege
Frode Mannsåker	sekretær

Utvalet har hatt fem møte i 2014 (17. januar, 14. februar, 8. april, 12. september og 5. desember).

Hovudsaker i møta har vore:

- Ny handlingsplan for 2014, med forbetra struktur
- Revisjon av retningslinjer for AKAN-arbeid i HFK
- AKAN-kurs/AKAN-samling internt i HFK
- AKAN-dagane i Oslo
- Implementering av nye retningslinjer
- Kompetanseheving for utvalsmedlemmene: deltaking på grunnkurs/videregående kurs i AKAN-regi

AKAN-kurs med samling for AKAN-kontaktar i HFK vart halde 14. november, med ca. 15 personar til stades. Dagen var delt i to: Ei kursøkt for både AKAN-kontaktar, leiarar og andre før lunsj, og ei samling for AKAN-kontaktar etter lunsj. Ekstern innleiar var Jarle Wangen frå AKAN Kompetansesenter i Oslo. Evaluering av dagen peiker på at marknadsføringa av slike kurs og samlingar må verte betre, både mot leiarar, tillitsvalde og AKAN-kontaktar.

Revisjon av AKAN-retningslinjer vart fullført i 2014, med handsaming i utvalet 12.09.14, godkjenning i HAMU 24.10.14 og iverksettingsdato 1. desember 2014. Parallelt med denne revisjonen vart òg Personalreglementet i HFK revidert, slik at formuleringane om rus og pengespel vart harmoniserst i desse to dokumenta.

I Eigenkontrollen for 2012 kom det fram at mange leiarar ikkje er kjent med retningslinjene for AKAN-arbeid. I tråd med dette har AKAN vore tema i opplæring for nye leiarar også i 2014, gjennom HFK Leiarskolen grunnpakke, vår og haust, med ca. 50 deltakarar totalt. AKAN er og fast tema i Grunnopplæring i

arbeidsmiljø, der ca. 40 leiarar tok del i 2014. I tillegg har bedriftslegen og medlemmer i sentralt AKAN-utval vorte kontakta og gitt rettleiing i AKAN-spørsmål.

Talet på individuelle AKAN-saker i HFK er framleis svært lågt, om lag 0,1 prosent av dei tilsette. Det er framleis grunn til å tru at ein del problem med rus og pengespel blant dei tilsette i HFK ikkje vert avdekka eller ikkje vert teken opp av næraste leiar. Det vert her vist til behov for meir leiaropplæring på AKAN-feltet.

Handlingsplanen for AKAN-arbeidet i 2014 er i hovudsak følgt opp. Status for tiltaka er markert i planen, som følgjer som vedlegg til årsmeldinga. Ny handlingsplan for 2015 ligg ved til informasjon.

Vedlegg: Handlingsplan for 2014, ajourført pr. 31.12.2014
 Handlingsplan for 2015